

Mykje folk, god stemning og fornøgde utstillarar.

30.11.2019



Inger Naterstad hadde mykje flott med seg til Jul i Rosendal.

Det var tett med folk då uskedalen.no var innom Jul i Rosendal i parkeringshuset til Varehuset Rosendal. Publikum kosa seg, og dei vart fylt med god førjulsstemning der dei vandra frå den eine interessanne utstillinga til den neste. Blant utstillarane var også fleire frå Uskedalen.



Farmor Grethe Richardsen med Lilly Magrethe på armen og pappa Ståle var blant dei som ville sikra seg gode Friheimsprodukt.



Hjønnevåg var på plass med sine smakfulle fiskeprodukt.

Dei som var på Jul i Rosendal fann varer over eit stort spekter. Der kunne ein finna flotte, særprega, heimelaga produkt som passa godt som flotte julepresangar. Julematen skal vera noko ekstra, og her kunne ein sikra seg mykje godt til å ha på julebordet.

I køen av folk var kanskje køen aller størst ved Friheim gardsmat sin stand. Sjølv om dei var godt folka, hadde dei det skikkeleg travelt. Dei baud på dei velkjende kvalitetsprodukta sine, og Bjørg Inga miljeteig kunne fortelja at det hadde to nye produkt. Både rødvinspølsa og stabburspølsa var dei svært fornøgde ved.

Populære var også lefsene til Kjellaug Hella Meklebust, og det var mange som sikra seg av dei før dei for heim. Hjønnvåg var også i år på plass, dermed kunne ein sikra seg både lutafisk og anna av det beste havet har å by på.



Gina H. Berge-Soldal og Laga på Holmen var på plass. Vi skimtar også lefsene til mora Kjellaug på nabostanden.



Kjell Musland og Svein I. Opdal hadde stand saman.

I tillegg til alt det gode for magen var det særdeles mykje fine handverksprodukt. Inger Naterstad er ein kunstnar med hendene sine, og ho stilte med produkt laga i ulike teknikkar. Der var ting både til å pynta huset og seg sjølv med i nydelege fargar, og berre eit besøk denne standen var nok til å sikra førjulstemninga.

Nydelege ting lagar også Gina Hella Berge-Soldal. Med symaskina lagar ho flotte plagg, og særleg legg vi merke til dei flotte barnekleda som ho lagar under namnet Laga på Holmen. Ho hadde også andre produkt. Som den dyktige fotografen ho er, hadde ho m.a. flotte julekort.

Julestemning var det også på Kjell Musland sin stand. Blant dei sprelske og livate figurane hans var det eit stort fleirtal av artige nissar. Han hadde stand saman med ein annan knivkunstnar, Svein Ingvald Opdal. I tillegg til det som er nemnt her, var det svært mange flotte standar med eit imponerende mangfald.

Julemusikk høyrer med! Her fekk vi oppleve ei god konsertavdeling med B-gjengen i Rosendal musikklag. Dei presenterte eit variert program. Sjølv sagt høyrde dei kjære julesangane med, men vi fekk også høyre både marsjar og annan populærmusikk. I tillegg vart det også m.a. nissehistorielesing for barna.

Eit førjulsarrangement til toppkarakter!



B-gjengen med Atle Fredheim som dirigent og Gunnvald Friheim som Uskedalsinnslaget blant musikarane sytte for stemningsfull musikk.
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland